

**Norske  
pengespel**  
*Gaming in Norway*

2 0 0 1  
2 0 0 2  
2 0 0 3  
2 0 0 4  
2 0 0 5  
2 0 0 6  
2 0 0 7

**Statistikk over norske  
pengespel og lotteri**

*Annual statistics report from  
The Norwegian Gaming  
and Foundation Authority*

Denne statistikken er også tilgjengelig i PDF-format på

**[www.lottstift.no](http://www.lottstift.no)**

# INNHALD

Føreord

4

Samandrag

5

Endring i omsetning

13

Norsk Tipping AS og Extra

15

Norsk Rikstoto

20

Digitale plattformer

23

Automatar

25

Bingo

30

Andre lotteri

34

English summary

38

Vedlegg

40

### **Kraftig omsetningsreduksjon i 2007**

Automatforbodet som vart innført 1. juli 2007 resulterte ikkje uventa i ein kraftig reduksjon i omsetninga i den regulerte pengespelmarknaden. I 2007 satsa nordmenn 27.4 milliardar kroner på dei regulerte pengespela her i landet. Dette er nær 11 milliardar mindre enn i 2006.

I tillegg til omsetninga i den regulerte marknaden satsa nordmenn pengar på internasjonale nettspel. Dette er ikkje medrekna i denne statistikken, og betyr at den reelle summen som nordmenn brukar på pengespel er høgare enn det som kjem fram her.

Statistikken for 2007 viser at 18,1 milliardar kroner gjekk tilbake til spelarane i form av gevinstar. Netto omsetning, eller det som vart tapt på lotteri- og pengespel, utgjør 9,3 milliardar kroner.

I gjennomsnitt satsa kvar nordmann ca 5 800 kroner på lovlege pengespel i 2007, ein reduksjon frå året før på om lag 2 400 kroner. Når vi tek omsyn til gevinstar, viser statistikken at kvar innbyggjar i snitt la igjen 1 970 kroner på slike pengespel. Dette tilsvarar 1% av husstanden si disponible inntekt.

Ei rekkje lag og organisasjonar har inntekter frå spel og lotteri, og gode føremål fekk 4,8 milliardar kroner frå slike kjelder i 2007. I høve til året før er dette ein reduksjon på om lag 560 millionar kroner. Størstedelen av dette (nær 2,6 milliardar) kom frå Norsk Tipping sine spel, medan nær 1 milliard kroner kom frå automatmarknaden, noko som er vel 800 millionar mindre enn i 2006. Talspelet Extra sitt bidrag til stiftelsen Helse og Rehabilitering har auka med 21 millionar kroner frå totalt 198 millionar i 2006.

Også i denne årsstatistikken ser vi effekten av regulatoriske endringar. I 2006 var det setelforbodet som gjorde utslag, i 2007 er det naturleg nok fjerninga av automatane frå marknaden midt i året som viser i statistikken. Dette er siste året gevinstautomatane er med i omsetningsstatistikken. Sidan Norsk Tipping sine nye speleterminalar ikkje vert utplasserte i stor skala før i 2009, vil 2008 bli eit år nesten utan denne typen pengespel i marknaden.

Nordmenn spelar også på utanlandske nettspel via Internett, og denne aktiviteten er aukande. På oppdrag frå Lotteritilsynet gjennomfører Opinion AS kvart år undersøkingar av dette. For 2007 har vi estimert at om lag 244 000 nordmenn over 18 år brukte Internett til pengespel, og at minimum 6,3 milliardar kroner vart satsa på utanlandske nettstader.

Også i år vil Lotteritilsynet takke aktørane i den norske pengespelmarknaden for samarbeidet i samband med statistikkarbeidet vårt. Utan velviljen frå desse ville vi ikkje fått fram det grunnlagsmaterialet som trengs for å kunne utarbeide ein så detaljert statistikk.

*Førde, desember 2008*

*Atle Hamar  
direktør*

# 1. Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2007 omsett for 27,4 milliardar kroner. Av dette gjekk 18,1 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinst.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 9,3 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnhavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

## Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2007

År 2007	Millionar	
	NOK	EUR <sup>1</sup>
Brutto omsetning (spelt for) <sup>2</sup>	27 372	3 415
Gevinst	18 095	2 258
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	9 277	1 157

År 2007	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar <sup>3</sup>	5 813	725	1 970	246
Per innbyggjar 15 år og eldre	7 198	898	2 440	304
Per husstand <sup>4</sup>	12 788	1 595	4 334	541
Prosent av disponibel inntekt <sup>5</sup>	2,98 %		1,01 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 5 813 kroner i 2007.

Dette er nærare 2 400 kroner lågare enn i 2006 då tilsvarande beløp var kroner 8 206 per person.

Om vi trekkjer frå gevinstantane vil kvar innbyggjar i 2007 ha lagt igjen 1 970 kroner. Av husstanden sine disponible inntekter utgjer dette 1,01 %. Tilsvarande prosent i 2006 var 1,27 %.

<sup>1</sup> Middelkurs 2007 frå Norges Bank 8,0153.


<sup>2</sup> For gevinstautomatar utgjer brutto omsetning innbetalt innsatsbeløp, dvs. at verdien av gevinstar som er brukte til nye spel før dei er utbetalt, ikkje er medrekna.

<sup>3</sup> Gjennomsnittleg folketal frå SSB, [www.ssb.no](http://www.ssb.no) 31/12-2006 og 31/12-2007.

<sup>4</sup> Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,2 (Statistisk årbok (SSB)).

<sup>5</sup> Statistisk årbok (SSB), «Husholdninger og ideelle organisasjoner. Inntekter, utgifter og sparing.» Disponibel inntekt 918 891 millionar kroner.

### Brutto omsetning i 2007



I 2007 spelte nordmenn for 27,4 milliardar kroner. Av dette vart 38 % spelt på gevinstautomatar<sup>6</sup>. På Norsk Tipping sine spel satsa nordmenn 9,5 milliardar, og i tillegg i underkant av 0,9 milliard på Extralotteriet som også Norsk Tipping opererer. På hestesport spelte nordmenn for nærare 3,2 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

I tillegg til gevinstautomatar var det bingo og lotteri som utgjorde den private delen av marknaden i 2007. Bingo hadde ei omsetning på nær 2,9 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten, 2,6 milliardar inkludert sidespel i bingo (elektroniske<sup>8</sup> og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør er estimert til 240 millionar kroner.

Blant dei andre lotterier er det landslotterier som hadde størst omsetning, 422 millionar kroner<sup>9</sup>. For lokale og regionale lotteri<sup>10</sup> estimerer vi omsetninga til 90 millionar kroner.

Samla brutto omsetning er redusert frå 38,2 milliardar kroner i 2006. Dette er andre året der den samla omsetninga i marknaden er redusert. Diagrammet syner omsetninga tilbake til 2001, og då ser vi at endringane heile tida har vore størst for automatane, og dei to siste åra med store reduksjonar.

Reduksjon i automatomsetninga i 2007 skuldast naturleg nok at automatane vart fjerna frå marknaden i slutten av juni månad. Reduksjonen i 2006 skuldast først og fremst setelforbodet som vart innført 1. juli 2006.


<sup>6</sup> Beløpet er utan verdien av gevinstar som er brukte til nye spel før dei er utbetalt.

<sup>7</sup> Vi har i tillegg registrert og estimert om lag 13 millionar i omsetning på underholdningsautomatar.

<sup>8</sup> Bingoautomatar og databingo.

<sup>9</sup> Omsetninga 422 mill er inklusiv 7 mill i andre inntekter enn loddsal.

<sup>10</sup> Mindre lotteri, såkalla lykkespel, er ikkje medrekna



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto til saman 46 % av marknaden. Tilsvarende marknadsdel i 2006 var 30%, og 26 % i 2005.

### Gevinstar og pengepremiar i 2007

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	9 514	5 073	4 441	53 %
Norsk Rikstoto	3 163	2 107	1 056	67 %
Extra – stiftelsen Helse og Rehabilitering	874	437	437	50 %
Automatar*	10 440	8 458	1 982	81 %
Bingo med entreprenør*	2 629	1 774	856	67 %
Landslotteri	422	77	345	18 %
Bingo utan entreprenør**	240	150	90	63 %
Lokale/regionale lotteri**	90	20	70	22 %
<b>Totalt</b>	<b>27 372</b>	<b>18 095</b>	<b>9 277</b>	<b>66 %</b>

\*) Delar av omsetninga (mest for brutto) er estimert for gevinstautomatar. For entreprenørbingo er brutto omsetning estimert for delar av elektroniske sidespel.

\*\*) Omsetning for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er utelukkande estimat basert på eit utval av rekneskapsopplysningar (sjå vedlegg).

Spelarane vann tilbake totalt 18,1 milliardar kroner av innsatsen på 27,4 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå automatar, Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og bingo. I prosent mest tilbake frå automatar (81 %), entreprenørbingo (67 %) og Norsk Rikstoto (67 %).

For automatar er dette den del av gevinsten som blir fysisk utbetalt.

Lotteri bokfører ofte gevinstkostnad og ikkje verdien på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapsen (m.a. pga oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premiar er gitt som gåver utan at dette kjem fram i rekneskapsen).

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2007



Norsk Tipping hadde størst netto omsetning (48 %). Norsk Tipping (eksklusiv Extra) og Rikstoto hadde til saman 59 % av marknaden i 2007. I 2006 var deira samla marknadsdel 46 %, mot 42 % i 2005.

### Fordeling til formål og administrative kostnader i 2007

	Netto omsetning		Formål		Administrative kostnader	
	Mill kr	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent	
Norsk Tipping	4 441	2 579	58 %	1 862	42 %	
Norsk Rikstoto	1 056	526	50 %	530	50 %	
Extra	437	219	50 %	136	31 %	
NT's operatørgodtgj. til NT-formål		83	19 %			
Automatar	1 982	988	50 %	994	50 %	
Bingo med entreprenør	856	207	24 %	648	76 %	
Landslotteri	345	92	27 %	252	73 %	
Bingo utan entreprenør	90	60*	67 %	30*	33 %	
Lokale/regionale lotteri	70	65*	93 %	5*	7 %	
<b>Totalt</b>	<b>9 277</b>	<b>4 820</b>	<b>52 %</b>	<b>4 457</b>	<b>48 %</b>	

\*) Estimerte og avrunda beløp

4,8 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (nær 2,6 mrd) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (58 %). Frå Norsk Rikstoto kom det 526 millionar kroner til formåla.

Automatane bidrog med nær 1 milliard kroner til formåla. Dette er ein reduksjon frå 2006 då formålets inntekter utgjorde 1,8 milliard.




## Samandrag

Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå lokale lotteri, bingo utan entreprenør og Extra. Frå automatar gjekk 50 % av netto omsetning til formåla. Dette var også krav i forskrift frå 1. januar 2007. For entreprenørbingo og landslotteri utgjorde formåla sine inntekter mindre enn halvparten av netto omsetning.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 207 millionar, eller 24 %. Dette er ein auke frå 2006 då formålets inntekter utgjorde 127 millionar eller 23 %.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.



Administrative kostnader utgjorde nærare 4,5 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (1,86 mrd) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (42 %). Større kostnadsbeløp kom også frå automatar (0,99 mrd), entreprenørbingo (0,65 mrd) og Norsk Rikstoto sine spel (0,53 mrd).

Kostnadar til eventuell tredjepart kan vi synleggjere for Norsk Tipping, Extra, Norsk Rikstoto og gevinstautomatane. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til kommisjonær, telemarketing osv.

Netto omsetning i 2007 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill kr	Kostnader til kommisjonær eller lokalinnehavar		Prosent av netto omsetning
		Mill kr	Prosent	
Norsk Tipping	4 441	652	15 %	
Extra	437	62	14 %	
Norsk Rikstoto	1 056	175	17 %	
Automatar	1 982	389	20 %	
Totalt	7 916	1 278	16 %	

Frå desse spela gjekk det nærare 1,3 milliardar til kommisjonærar og lokalinnehavarar. Dette utgjør ein reduksjon på 437 millionar frå året før. Det største beløpet kom frå omsetninga til Norsk Tipping, og det er reduksjon i automatomsetninga som forklarar nedgangen i inntekter til lokalinnehavarar.

<sup>11</sup> Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

## Samandrag

For Norsk Rikstoto inngår omsetning gjennom løpsbaner. Omsetning via Internett inngår for Norsk Rikstoto, Norsk Tipping og Extra.

Spesielt for Norsk Rikstoto ville prosentvis del til kommisjonær blitt større om vi hadde avgrensa omsetninga til berre den del som går gjennom kommisjonærleddet. 28 % av samla innsats på Norsk Rikstoto sine spel kom frå løpsbaner eller Internett. Problemstillinga er ikkje så aktuell for Norsk Tipping og Extra der nær 7 % av innsatsen kom via Internett.

### Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar i 2007

Fordeling av spel- og lotteriinntekter år 2007	Mill kr	Prosent
Idrett	1 765	37 % *
Kultur (statsbudsjett og regjeringa)	1 250	26 %
Musikk / kultur / fritid	93	2 % *
Hest / hestesport	526	11 % *
Helse	473	10 % *
Humanitær	390	8 % *
Diverse	35	0,7 % *
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	125	2,6 %
Overgangsmidlar	150	3 %
Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd	12	0,2 %
Totalt	4 820	100 %

\*) I tillegg får formåla delar av 125 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 2,6 %).

#### Idrett (1 765 millionar \*)

Her inngår delar av overskotet frå Norsk Tipping (1 250 mill), estimert automatinntekt (388 mill), entreprenørbingo (100 mill) og frå landslotteri (27 mill). Idretten har også inntekt frå foreiningsbingo og lokale lotteri som ikkje er medrekna.

Inntekt frå bingo, lotteri og automat er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

#### Kultur og fritid (1 343 millionar \*)

Også her er det store inntekter, men merk at det meste til kulturformål kom frå Norsk Tipping via statsbudsjettet (833 mill) eller som løyving frå regjeringa (417 mill).

I tillegg er det om lag 93 millionar i inntekt frå andre typar spel og lotteri, utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna (frå automatar 46 mill, entreprenørbingo 41 mill og landslotteri 6 mill). Dette er friare midlar som ikkje er knytt opp mot løyvingar.

#### Hest / hestesport (526 millionar)

Dette er inntekter som utelukkande kom frå Norsk Rikstoto.

#### Helse (473 millionar \*)

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindforbund og Norges Handikapforbund. 219 mill som stiftelsen Helse- og Rehabilitering fekk frå Extraspelet, er med her. Desse går til prosjekt knytt til helse, sjukdom og levekår. Elles inngår 188 mill frå automatar, 40 mill frå landslotteri og 27 mill frå entreprenørbingo. Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikkje medrekna.

#### Humanitær (390 millionar \*)

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors og Redningsselskapet, forutan mellom andre Redd Barna, Norsk Folkehjelp, Flyktninghjelpen og Lions.

## Samandrag

Størst inntekt kom frå gevinstautomatane, utrekna til 359 millionar. Røde Kors og Redningsselskapet fekk ein stor del. Anna inntekt kom frå landslotteri med 8 mill og entreprenørbingo med 23 mill. Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikkje medrekna.

### Diverse organisasjonar (35 millionar \*)

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikkje kan plasserast i gruppene framfor. Inntektene kom frå automatar (7 mill), entreprenørbingo (16 mill) og landslotteri (12 mill).

### Uspesifiserte inntekter (125 millionar)


Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale/regionale lotteri. Vi har ikkje datagrunnlag til å fordele inntektene på formåla ovanfor, men vi reknar med at i overkant av 30 millionar av dette er inntekt for lokalradio og -TV.

### Overgangsmidlar (150 millionar)

I 2008 vart det utbetalt kompensasjon til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som tidlegare hadde hatt automatinntekter. Dette var ein kompensasjon for bortfall av slike inntekter i 2008. Totalt vart det sett av 500 millionar kroner, der 150 millionar kom frå Norsk Tipping sitt overskot i 2007. Dei resterande 350 millionane kom frå Norsk Tipping sitt investeringsfond.

### Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd (12 millionar)

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg som finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot pengespelproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengighet og redusere skadeverknadane frå overdriven pengespel.



<sup>12</sup> Ot.prp. nr 14 (2007-2008) Om lov om endringar i lov 28. august 1992 nr 103 om pengespill m.v. (særskild tildeling av overskot frå Norsk Tipping)

## Samandrag

### Endring frå år 2006

I 2007 fekk formåla 559 millionar kroner mindre enn i 2006.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2006		2007		Endr. frå 2006	
	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent
Idrett	1 958	36 %	1 765	37 %	- 194	- 10 %
Kultur (statsbudsjettet og regjeringa)	1 250	23 %	1 250	26 %	0	0 %
Musikk/kultur/fritid	105	2 %	93	2 %	- 12	- 11 %
Hest/hestesport	487	9 %	526	11 %	40	8 %
Helse	548	10 %	473	10 %	- 75	- 14 %
Humanitær	837	16 %	390	8 %	- 447	- 53 %
Diverse	47	0,9 %	35	0,7 %	- 12	- 25 %
Uspesifisert og inngår i formål ovanfor	135	3 %	125	3 %	- 10	- 7 %
Overgangsmidlar	0	-	150	3 %	150	-
Tiltak vedk. uheldig speleåtfærd	12	0,2 %	12	0,2 %	0	0 %
<b>Totalt</b>	<b>5 379</b>	<b>100 %</b>	<b>4 820</b>	<b>100 %</b>	<b>- 559</b>	<b>- 10 %</b>

Idretten har hatt ein reduksjon samanlikna med 2006. Automatinntektene er redusert, men det er auka inntekter frå entreprenørbingo.

Kultursektoren har via statsbudsjett og regjering fått same beløp frå tippemidlane i 2007 som i 2006. Tabellen syner elles ein reduksjon for mindre lag og foreiningar innan musikk, kultur og fritid. Reduksjonen skuldast mindre automatinntekter, men dette blir til ein viss grad motvirka med auka inntekter frå entreprenørbingo og landslotteri.

Hestesporten hadde litt større inntekter i 2007. Alle inntektene her kjem frå overskotet i Norsk Rikstoto.

Humanitære organisasjonar fekk også i 2007 den største reduksjonen i sine inntekter (447 millionar eller 53 %). Dette skuldast reduserte inntekter frå automatar. Automatinntekter utgjorde i 2007 92 % av lotteriinntektene som er spesifisert for denne kategorien (359 av 390 millionar).

Helseorganisasjonane og diversekategorien har også totalt hatt ein reduksjon i inntektene. Reduksjonen skuldast også her mest dei reduserte inntektene frå automatar, men helseorganisasjonar har hatt auke i inntekter frå Extra, entreprenørbingo og landslotteri. Diversekategorien har og hatt ein auke frå entreprenørbingo.

150 millionar frå Norsk Tipping sitt overskot i 2007 er nytta som overgangsmidlar til samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar som tidlegare hadde automatinntekter. Saman med 350 millionar frå Norsk Tipping sitt investeringsfond vart totalt 500 millionar sett av til kompensasjon for manglande automatinntekter i 2008. Denne kompensasjonen er ikkje nærare spesifisert i denne årsstatistikken som handlar om norske pengespel i 2007.

Midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd var nytt frå 2005, og vart første gong fordelt frå Norsk Tipping sitt overskot for 2004. Tildelinga i 2008 kjem frå Norsk Tipping sitt overskot frå 2007.

## 2. Endring i omsetning

Her samanliknar vi omsetning i 2007 med åra 2001 til 2006. Sidan datagrunnlaget til einiskilde spel er ulike desse åra, er grunnlaget for samanlikning ikkje alltid like godt. Dette vert kommentert der det er aktuelt.

### Den norske pengespelmarknaden total<sup>13</sup>

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	Endring 2006-2007
Brutto omsetning (spelt for)	22 411	30 149	37 509	40 827	42 362	38 246	27 372	- 28 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	8 520	9 664	10 926	11 511	11 684	10 935	9 277	- 15 %

Brutto omsetning er i 2007 redusert med 28 % frå 2006. Netto omsetning har hatt ein mindre reduksjon, og dette skuldast reduksjonen i automatomsetninga der gevinstprosenten er høg.

Frå 2005 til 2006 var reduksjonen i brutto omsetning 10 %.

### Norsk Tipping

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	Endring 2006-2007
Brutto omsetning	7 861	8 940	8 921	8 805	8 433	8 846	9 514	8 %
Netto omsetning	3 739	4 056	4 140	4 200	3 989	4 131	4 441	7 %

Brutto omsetning i 2007 var 8 % større enn i 2006.

### Extra

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	Endring 2006-2007
Brutto omsetning	746	794	822	812	771	773	874	13 %
Netto omsetning	373	397	411	406	385	386	437	13 %

Omsetninga i 2007 har auka med 13 % samanlikna med året før.

### Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	Endring 2006-2007
Brutto omsetning	2 626	2 479	2 414	2 623	2 781	2 780	3 136	14 %
Netto omsetning	888	829	810	902	959	944	1 056	12 %

Rikstoto sin brutto omsetning har auka med 14 % i høve til 2006.

### Gevinstautomatar

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	Endring 2006-2007
Brutto omsetning	8 598	15 426	22 789	26 034	27 754	23 203	10 440	- 55 %
Netto omsetning	2 546	3 388	4 510	4 961	5 290	4 413	1 982	- 55 %

Automatane vart fjerna frå marknaden ved utgangen av 1. halvår 2007. Dermed er det naturleg å sjå at reduksjonen i omsetning har vore stor. Reduksjonen frå 2005 til 2006 skuldast setelforbodet som vart innført 1. juli 2006.

Viser til vedlegg for feilmarginar.

<sup>13</sup> For perioden 2002 til og med første halvår 2005 var det gitt to prøvekonsejningar for norske spel på elektroniske plattformer. Dette var tivoli.no og SMS.Jackpot. Samla brutto og netto omsetning utgjorde høvesvis: 2002 : 36,4 og 1,8. 2003: 13,0 og 3,0. 2004: 24,3 og 4,0. 2005: 13,6 og 1,9. Alle tal i millionar.

## Endring i omsetning

### Entreprenørbingo

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	Endring 2006-2007
Brutto omsetning	1 337	1 590	1 609	1 642	1 732	1 891	2 629	39 %
Netto omsetning	370	395	411	428	462	559	856	53 %

Entreprenørbingo har totalt hatt 39 % vekst i brutto omsetning. Veksten er større for netto omsetning. Dette heng saman med lågare gevinstprosentar i rapporterte tal. Den store auken skuldast i vesentleg grad auken i omsetning på bingoautomatar.

I 2006 var samla vekst for alle spel i entreprenørbingo 9 % for brutto omsetning.

### Landslotteri

Tal i millionar kroner	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	Endring 2006-2007
Brutto omsetning	493	454	531	466	508	424	422	0 %
Netto omsetning	419	387	441	401	416	341	345	1 %

Landslotteri har i 2007 hatt stabil omsetning samanlikna med året før. I 2006 hadde landslotterier ein større reduksjon (17%) samanlikna med 2005

### Andre spel/lotteri

Omsetning i 2007 for bingo utan entreprenør og for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteri- og stiftelsestilsynet. Sidan vi har nytta ulike måtar for estimat åra i mellom blir ikkje desse fullt ut samanliknbare frå år til år.

<b>Bingo utan entreprenør</b>	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Tal løyve:	1 500	1 200	1 050	1 100	800	640	710
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning <sup>14</sup> : (brutto omsetning, tal i millionar)	290	320	310	320	250	230	240


Totalt syner tal frå lotteriregisteret ein liten auke i talet på lag som arrangerer bingo utan entreprenør.

<b>Lokale / regionale lotteri</b>	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007
Tal på meldingar motteke:	2500	3 000	2 950	3 000	2 900	2 750	2 050
Tal på løyve:	380	170	150	150	150	120	110
Lotteritilsynet sitt estimat for omsetning <sup>15</sup> : (brutto omsetning, tal i millionar)	100	110	100	100	120	100	90

På grunnlag av tal meldingar, løyver og rekneskap i 2007 har vi estimert ei noko lågare omsetning enn tidlegare år. Talet på registrerte meldingslotteri er også lågare enn tidlegare.

### 3. Norsk Tipping AS og Extra

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var 9,51 milliardar kroner i 2007. I tillegg er NT operatør for talspelet Extra som hadde ei omsetning på 0,87 milliard.<sup>16</sup>



66 % av samla innsats vart satsa på talspel (Lotto, Viking Lotto, Joker og Keno). Legg ein til omsetninga frå Flax, kjem 76 % av omsetninga frå spel der sjansen for gevinst er heilt tilfeldig. Sportsspele Tipping og Oddsen stod for 24 % av omsetninga. Dette er spel der kunnskap om sport kan auke vinnarsjansane, og dette er same prosentdel som i 2006.

Brutto omsetning fordelt på type spel	Mill kr	Prosent
Talspel: Lotto, Viking Lotto og Joker	6 321,6	66 %
Sportsspel: Tipping og Oddsen	2 325,7	24 %
Skrapelodd: Flax	866,9	9 %
Total brutto omsetning	9 514,2	100 %

Omsetning og gevinst - i millionar kroner	Talspel	Sportsspel	Skrapelodd	Totalt
Total brutto omsetning	6 321,6	2 325,7	866,9	9 514,2
Totalt til gevinst	3 167,1	1 454,1	452,1	5 073,3
Total netto omsetning	3 154,4	871,6	414,8	4 440,9
Gevinstprosent	50 %	63 %	52 %	53 %

<sup>16</sup> Samla omsetning gjennom NT var dermed 10,4 milliardar i 2007.

## Norsk Tipping AS og Extra

---

Totalt gjekk 53 % tilbake til spelar som gevinst. 47 % gjekk til fordeling mellom operatør, kommisjonærar og formål. Dette er det same som i 2006.

Størst gevinstdel gav sportsspel der oddsspela hadde høgaste prosent. Oddsspel hadde ein samla gevinstprosent på 68. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten alltid 50.

Også talspela (inkl. Extra) har i spelereglane fastsett gevinstprosenten til 50, og for skrapeloddet Flax til mellom 45 og 55 prosent.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær eller Internett. Talet på kommisjonærar har vore stabilt gjennom 2007, 3 975 1. januar og 3 973 31. desember.

Det meste av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærnettet (8 863 mill). I tillegg spelte nordmenn for 651,1 millionar<sup>17</sup> på NT sine egne spel over Internett (330,6 mill på Tipping og Oddsens, og 320,5 mill på talspel. Skrapeloddet Flax blir ikkje selt over Internett).

### Extra – eit spel for stiftelsen Helse og Rehabilitering

Extra er eit talspel som blir drive av Norsk Tipping AS på vegne av stiftelsen Helse og Rehabilitering. Overskotet blir fordelt av stiftelsen på ulike prosjekt innan førebygging, rehabilitering og forskning.

I 2007 vart det spelt Extra for 874 millionar kroner. Gevinstprosenten er 50.

Omsetning og gevinst	Mill kr	Prosent
Brutto omsetning	874,2	100 %
Til gevinst	437,1	50 %
Netto omsetning	437,1	50 %

Som for Norsk Tipping sine egne spel kan ein delta gjennom NT sine kommisjonærar eller Internett. For Extraspelet kom 41,5 millionar kroner av samla innsats via Internett i år 2007.

---

<sup>17</sup> Av dette kjem 28,6 millionar frå sal via mobiltelefon. Foreløpig er fire spel tilgjengelege på denne kanalen: Lotto, Viking Lotto, Joker og Langoddsen.

<sup>18</sup> Extra kjem i tillegg med 41,5 millionar.



### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

#### Norsk Tipping

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning for Norsk Tipping 4 441 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål	2 579,1	58 %
Til Norsk Tipping AS	1 210,0	27 %
Til kommisjonær	651,8	15 %
Sum = netto omsetning	4 440,9	100 %

Reell fordeling til formål frå Norsk Tipping si omsetning i 2007 var noko høgare enn vist her: Til overskotsformåla gjekk det 2 650 millionar og i tillegg gjekk 12 mill til tiltak vedkomande uheldig speleåtfærd, totalt 2 662 millionar<sup>19</sup>. Beløpet er totalt 150 millionar høgare enn for 2006.

Selskapet inntektsfører også operatørgodtgjersla frå Extraspelet. I 2007 utgjorde operatørgodtgjersla 82,9 millionar som også inngår i Norsk Tipping si overføring til NT formål.

Frå Norsk Tipping sine egne spel gjekk 58 % til formåla. I 2006 var denne prosenten 59.

#### Fordeling til overskotsformål

Som i 2006 vart 2 500 millionar kroner fordelt til formåla idrett og kultur<sup>20</sup>. 1 250 mill gjekk til idrett og 1 250 mill til kultur. I tillegg er det frå 2007-overskotet fordelt 150 millionar til overgangsmidlar for samunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Overgangsmidlar skal lette overgangen for organisasjonar etter bortfallet av automatinntekter.

For kultur blei 833 mill tilført statsbudsjettet, medan regjeringa tildeler 417 mill til spesifikke kulturformål (*Den kulturelle skolesekken* 167 mill, *Kulturbygg, møteplasser og formidlingsarenaer for kultur* 125 mill og *Frifondordningen* 125 mill), jf St.prp. nr. 1 (2008-2009) Kultur og kyrkjedepartementet s. 25.

For idretten er fordelinga meir spesifikk. Tabellen under har nøkkeltal henta frå Kultur- og kyrkjedepartementet si pressemelding 25. april 2008.


Fordeling til idretten <sup>21</sup>	Mill kr	Frå einkilde underpostar	Mill kr
Idrettsanlegg	690,0	Idrettsanlegg i kommunane	625,0
Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	354,0	Grunnstøtte særforbund	133,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	125,0		
Spesielle aktivitetar	41,0	Antidopingarbeid	24,8
Forskings- og utviklingsarbeid	20,4	Idrettsforskning	15,0
Nasjonalanlegg/ spesielle anlegg	19,6		
Totalt	1 250,0		

Mykje av idretten sine tippemidlar (84 %) gjekk til idrettsanlegg og til Norges Idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (hhv. 55 % og 28 %). Diagrammet på neste side viser prosentvis fordeling.

<sup>19</sup> 2 579,1 mill frå egne spel + 82,9 mill frå operatørgodtgjersle Extra.

<sup>20</sup> I tillegg gjekk 12 mill til tiltak i høve til uheldig speleåtfærd.

<sup>21</sup> Hovudfordelinga 2008 spesifiserar i tillegg 168 millionar i overgangsmidlar. Dette er idretten sin del av kompensasjonen for bortfall av automatinntekter. Overgangsmidlar er samla sett finansiert med midlar frå Norsk Tipping's investeringsfond og ein del av Norsk Tipping's overskot for 2007.



### Norsk Tipping og kommisjonærane

Frå NT sine egne spel fekk kommisjonærar 15 % av netto omsetning, i alt 652 millionar i provisjon. Legg ein til provisjon frå Extraspelet blir beløpet 714 millionar.

I gjennomsnitt var det 3 974 kommisjonærar<sup>22</sup> i 2007. I snitt hadde kvar kommisjonær ei inntekt på 180 000 kroner medrekna Extra.

Andre nøkkeltal for Norsk Tipping	Mill kr
NT sin del av inntekt frå egne spel og Extra (til NT's drift)	1 283,2
NT sine samla netto kostnader <sup>23</sup>	1 064,2
Midlar som er haldne tilbake i NT (investeringsfond)	219,0

Ved slutten av året var det halde tilbake 219,0 millionar i investeringsfond. I 2006 blei det halde tilbake 127,6 millionar.

### Extra

Netto omsetning (etter gevinstutbetaling) for Extra var 437,1 millionar kroner til fordeling mellom aktørane. Tabellen under viser korleis denne omsetninga er fordelt.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål (stiftelsen Helse og Rehabilitering)	218,6	50 %
Til Norsk Tipping AS	156,1	36 %
Til kommisjonær	62,4	14 %
Sum = netto omsetning	437,1	100 %

Til stiftelsen Helse og Rehabilitering gjekk det 218,6 millionar eller 50,0 % av netto omsetning. Tilsvarande tal i 2006 var 198,4 millionar som då utgjorde 51,3 %.

Ein del av overføringa til NT var operatørgodtgjersle og ikkje relatert til NT sine kostnader med spelet. I år 2007 utgjorde dette 82,9 millionar, og operatørgodtgjersla inngår deretter i NT si overføring til NT sine formål (idrett og kultur). Dette utgjorde 19,0 % av Extra si netto omsetning.

<sup>22</sup> Snittal frå Norsk Tipping – aktive kommisjonærar

<sup>23</sup> Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel.

### Fordeling til formål i år 2007


Stiftelsen Helse og Rehabilitering fordeler midlar frå Extraspelet til ei rekkje organisasjonar. Frivillige/humanitære organisasjonar med helse- og rehabiliteringsrelatert verksemd samt funksjonshemma sine interesseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine retningslinjer.

Stiftelsen Helse og Rehabilitering delte ut i alt 198 millionar fordelt på 553 prosjekt.


Fordeling til formål frå Extra	Mill kr	Prosent
Førebygging	58,2	32,3 %
Forskning	63,6	35,3 %
Rehabilitering	58,3	32,4 %
Sum	180,1	100,0 %
10% adm.tilskot til mottakarorganisasjon	18,0	
Totalt	198,1	

Diagramma under viser korleis midlane som stiftelsen delte ut i 2007 fordeler seg på aldersgrupper og helseområde.

### Extraspelets midlar fordelt på aldersgrupper år 2007




### Extraspelets midlar fordelt på helseområde i 2007



## 4. Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,16 milliardar kroner i år 2007.



Omsetning og gevinst	Mill kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 162,7	100 %
Totalt til gevinst	2 106,6	67 %
Total netto omsetning	1 056,1	33 %

To tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst. Ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett og mobiltelefon. Talet på kommisjonærar med terminalar er litt redusert gjennom 2007, frå 1 299 (1. jan) til 1 266 (31. des)<sup>24</sup>. Gjennom heile året var det 12 trav- og galoppbaner. Gjennom Norsk Rikstoto kan det også spelast på løp i andre land. Mellom anna blir det på V4 spelt på løp i Sverige.

Nær tre fjerdedelar av omsetninga, 72 %, gjekk gjennom kommisjonærane. Omsetning på baner utgjorde 8 %, medan Internett stod for om lag 20 %. I 2006 var omsetninga over Internett om lag 17 %.

Brutto omsetning i salskanalar	Mill kr	Prosent
Kommisjonær	2 282,8	72,2 %
Baner	264,0	8,3 %
Internett <sup>25</sup>	615,9	19,5 %
Total	3 162,7	100,0 %

<sup>24</sup> Talet gjeld kommisjonærar med terminalar

<sup>25</sup> Inkl. 10,7 millionar i omsetning via mobiltelefon.

## Norsk Rikstoto

---

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter at Norsk Rikstoto sine spelarar hadde fått utbetalt sine gevinstar, var det 1 056 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

Fordeling av netto omsetning	Mill kr	Prosent
Til formål	526,2	50 %
Avgift til staten	117,0	11 %
Til operatør (Rikstoto)	238,1	23 %
Til kommisjonær	174,8	17 %
Sum = netto omsetning	1 056,1	100 %

Til formåla gjekk det 526,2 millionar kroner eller 50 % av netto omsetning. I 2006 var prosenten til formål 52.

Fordeling til formål	Mill kr	
V75 og storløp-premiar		56,1
Transporttilskot		2,3
Norsk Hestesenter		20,0
Det Norske Travselsskap		51,5
Norsk Jockeyklubb		17,0
Bidrag avskrivning finans		15,1
Provisjon driftsselskap (banene)		364,2
derav drift løpsbaner <sup>26</sup>	187,6	
derav premiar til hesteeigarar	176,6	
Totalt		526,2

### Forklaring til dei ulike formåla

V75 og storløp-premiar er samla premiar til hesteeigarar som er utbetalt i V75-løp og andre storløp.

Norsk Hestesenter på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

Det Norske Travselsskap (DNT) skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Transporttilskot blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.


Norsk Jockeyklubb (NJ) skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppporten. NJ mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

Bidrag avskrivning finans er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

Provisjon driftsselskap (DS) blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekkje drift på den einskilde løpsbane og premiar til hesteeigarar på ordinære løp som banene arrangerer.

---

<sup>26</sup> Beløp inneheld vederlag for sal av spel på banene og lokal marknadsføring mot kommisjonærar i regionane.



### Statsavgift

Avgift til staten (117 mill) er ei rein fiskalavgift til statskassa utan øyremerking.

### Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 175 mill eller 17 % av samla netto omsetning. Ikkje heile omsetninga kom frå denne salskanalen. Legg ein til grunn høvesvis del som for brutto omsetning, vil kommisjonærar si inntekt utgjere 23 %<sup>27</sup> av netto omsetning.

I snitt var det 1 283 kommisjonærar med terminalar i 2007.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill kr
RT sine inntekter frå hestespel	213,4
Andre inntekter	53,1
Samla kostnader	236,1
Årsresultat	30,4

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart 30,4 millionar kroner for 2007. Til samanlikning var det 0,5 million i 2006 og 49,3 millionar i 2005.

<sup>27</sup> Utbetalt beløp til kommisjonærar / (total netto omsetning x prosent brutto omsetning gjennom kommisjonærleddet): 174,8 mill/(1056,1 mill x 72,2 %)

## 5. Digitale plattformer

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over Internett.

Det er innsats og eventuell gevinst som blir overført via Internett, men spela er dei same som om ein går til kommisjonær eller på løpsbaner.

Spelar opprettar ein form for spelekonto. Til denne vert det overført pengar frå spelars bankkonto (t.d. lønskonto) eller gevinstar frå spel. Frå spelekontoen kan spelar bruke pengar som innsats i spel, eller overføre gevinstar til eigen bankkonto.


<b>Spel på nye plattformer - brutto omsetning (mill kr)</b>	<b>2002</b>	<b>2003</b>	<b>2004</b>	<b>2005</b>	<b>2006</b>	<b>2007</b>	<b>Endring frå 2006</b>	
Norsk Tipping (inkl. Extra)	65,9	154,4	229,2	297,4	468,1	692,6	224,5	48 %
Norsk Rikstoto	110,6	212,8	303,0	424,3	480,1	615,9	135,8	28 %
tivoli.no	36,1	11,8	21,9	12,5	-	-	-	-
SMS.jackpot <sup>28</sup>	0,3	1,1	2,4	1,1	-	-	-	-
<b>Totalt</b>	<b>212,9</b>	<b>380,2</b>	<b>556,5</b>	<b>735,3</b>	<b>948,2</b>	<b>1 308,5</b>	<b>360,3</b>	<b>38 %</b>

I 2007 var brutto omsetning på norske pengespel over Internett og SMS totalt 1 309 millionar kroner.

Veksten i omsetninga utgjorde totalt 38 % for spel på elektroniske plattformer. I 2006 var veksten 31 %.

<sup>28</sup> Internettspellet tivoli.no og SMS-lotteriet SMS.jackpot fekk ikkje fornya konsesjonane sine og opphørde frå 1. juli 2005.

## Digitale plattformer



Merk at dette var omsetninga på dei godkjende norske pengespela. I tillegg har ein god del nordmenn spelt på utanlandske nettspel.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Opinion AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2007<sup>29</sup> og tal frå den norske marknaden har vi tidlegare presentert estimat for omsetninga over Internett for 2007.

6,8 % av nordmenn over 18 år brukte Internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). Dette utgjorde 244 000 nordmenn over 18 år.

I flg. estimatet spelte nordmenn for 7,6 milliardar kroner. 1,3 millionar vart satsa på dei lovlege norske nettstadene. Estimatet for utanlandske nettstader utgjorde 6,3 milliardar kroner.

<sup>29</sup> Kvartalsvise målingar gjort i 2007 (1000 personar over 18 år vart spurde kvar gong) og nettpanel med 300 nettspelarar.



## 6. Automatar

Denne delen omfattar gevinstautomatar og underhaldningsautomatar. Bingoautomatar er ikkje med då dei inngår som sidespel til bingo, og tal for desse blir omtala annan stad.

### Gevinstautomatar

Vi har data frå 120 automatentreprenørar som hadde utplassert i overkant av 12 100<sup>30</sup> gevinstautomatar i januar 2007. 1. juli same år var alle gevinstautomatane fjerna frå marknaden.

For 62 entreprenørar har vi ikkje fått tal for omsetning, m.m. Ut frå tilgjengeleg informasjon<sup>31</sup> reknar Lotteritilsynet med at desse hadde utplassert vel 2 000 automatar ved starten av året, ein sjettepart av automatane samla sett. Vi viser til vedlegg for metode for innsamling av data og estimat som er brukt.

Gjennomgangen vidare er basert på konkrete tal og estimat gjort der entreprenørar ikkje har svart, eller der det ikkje er gitt fullstendig informasjon i spørjeskjema.

### Gevinstautomatar – estimerte nøkkeltal år 2007

Brutto omsetning (pengar inn) *	10 440 mill kr
Utbetalt gevinst (pengar ut) *	8 458 mill kr
Netto omsetning	1 982 mill kr
til entreprenør	605 mill kr
til lokalinnhavar	389 mill kr
til formål (lag og organisasjonar)	988 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	9 %
Formåla sin del av netto omsetning	50 %
Utbetalt gevinst av brutto omsetning	81 %

\* *Brutto omsetning og gevinst er estimert for entreprenørar som ikkje har oppgitt desse tala.*

Brutto omsetning er estimert til 10,4 milliardar kroner. Dette er beløp som fysisk er lagt på automatane. Verdi av gjenspel av gevinst som ikkje først er utbetalt, er difor ikkje medrekna.

Tilsvarande vart nærare 8,5 milliardar kroner utbetalt i gevinstar. Om ein hadde rekna med gevinst som er brukt på nye spel, utan først å ha vore utbetalt, ville gevinstprosenten vore høgare. Men for kvar 10-kroning som vart putta på ein automat, er vel 8 kroner fysisk betalt ut som gevinst.

Netto omsetning er samla beløp som spelarar har lagt igjen eller tapt. Nærare 2 milliardar kroner låg igjen til fordeling mellom aktørane i marknaden. Beløpet vart fordelt mellom formåla, entreprenørane og lokalinnhavarane.

Det meste av netto omsetning og inntekt til lag og foreiningar er reelle tal<sup>32</sup>, men i tillegg har Lotteritilsynet lagt til estimerte beløp der vi ikkje har omsetnings- eller inntektstal.

<sup>30</sup> Denne delen omfattar gevinstautomatar oppstilt etter forskrift om oppstilling av gevinst – og underhaldningsautomatar. Entreprenørar som berre har hatt underhaldningsautomatar er ikkje medrekna i dette entreprenørtalet. Entreprenørane rapportert for 2006 at 12 211 automatar var utplassert 31. desember 2006.

<sup>31</sup> Lotteriregisteret og tidlegare rapporterte tal.

<sup>32</sup> 19 % av netto omsetning er estimert, og for 21 % av formålsinntektene føreset vi 50 % til formålet av netto omsetning.

## Automatar

---

### Tidspunkt for avvikling

52 entreprenørar gav i spørjeskjema opplysningar om talet på automatar ved starten av året. 50 av desse svarte vidare at automatdrifta vart avvikla siste halvdel av juni måned, og ein entreprenør svarte at drifta vart avvikla første halvdel av juni.<sup>33</sup>

Hovudintrykket blir dermed at dei fleste entreprenørane ikkje avvikla drifta før heilt mot slutten av juni måned. Alle automatane stod likevel ikkje utplassert heilt til slutt.

For dei som svarte på spørjeskjema var reduksjonen i automattal 23 % frå 1. januar fram til siste veka før automatdrifta var avvikla.

### Netto omsetning og fordeling på aktørane i automatmarknaden

Opptalt og estimert beløp for netto omsetning i følgje teljeverk er 1 982 millionar kroner. Beløpet er ikkje identisk med det som fysisk er opptalt ved tømning. Differansen (avvik) kan skuldast mellom anna tjuveri, manipulering, feil i system eller rutinar for avlesing.

Avvik er totalt rapportert og estimert til 25 millionar som teljeverk har registrert, men som ikkje er talt opp ved tømning. Dette beløpet inngår under i entreprenørs del av omsetninga.

<b>Fordeling av netto omsetning</b>	<b>Mill kr</b>	<b>Prosent</b>
Til formål (lag og organisasjonar)	988	49,9 %
Til lokalinnhavar	389	19,6 %
Til entreprenør	605	30,5 %
Sum = netto omsetning	1 982	100,0 %

---

<sup>33</sup> Frå ein av entreprenørane som har svart på spørjeskjema, men med eit lite tal automatar, manglar vi opplysningar om tidspunkt for avvikling.

## Automatar

### Fordeling til formål

Totalt er 988 mill fordelt til ulike formål. Av netto omsetning utgjorde dette 50 %. Prosentvis del til formåla var 41 % i 2006. Lotteri- og stiftelsestilsynet berekna formålsinntektene til 1 824 mill i 2006, 2 207 mill i 2005, 2 008 mill i 2004, 1 691 mill i 2003, 1 224 mill i 2002 og 917 mill i 2001.

Vi viser under korleis beløpet for 2007 er fordelt på ulike kategoriar av lag og organisasjonar. Fordelinga viser vi på to måtar:


- 1) Slik fordelinga er registrert før berekning av uspesifiserte og estimerte inntekter. Dvs. slik entreprenørar oppgir fordelinga, og vårt estimat for inntekt der vi manglar tal for omsetning og formålsinntekter (her 186 mill).
- 2) Det som entreprenørar oppgir, og i tillegg vår estimerte fordeling av uspesifiserte og estimerte inntekter:

Fordeling av automatinntekter	1) Registrert fordeling inkl. estimert inntekt (186 mill)		2) Fordeling inkl. fordeling av uspesifisert og estimert inntekt		
	Mill kr	Prosent	Mill kr	Prosent	Del av beløp som er estimert <sup>34</sup>
Idrett	248	25 %	388	39 %	36 %
Helse	128	13 %	188	19 %	32 %
Musikk/kultur/fritid	30	3 %	46	5 %	36 %
Humanitær	336	34 %	359	36 %	7 %
Diverse	5	0,5 %	7	1 %	36 %
Uspesifisert og estimert <sup>35</sup>	242	25 %			
Totalt	988	100 %	988	100 %	25 %

Oversikten er basert på spesifisering frå entreprenørane og vårt estimat frå datagrunnlaget.

<sup>34</sup> Vi har estimert fordeling på kategoriar for den del av formålsmidlar som ikkje er spesifisert frå entreprenørar (57 mill) og estimat av vel 2 000 automatar (186 mill), totalt 242 mill eller 25 % av 988 mill. Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i talmaterialet etter at vi har utelete det entreprenørar med eige formål har fordelt til seg sjølv eller der entreprenør i stor grad spelar for ein organisasjon (dette gjeld Røde Kors, Redningsselskapet, NHF, Norges Blindforbund og Spill og Tjenester AS). Denne fordelinga er så lagt til grunn for beløp der entreprenørar ikkje har spesifisert og der vi har estimert omsetning.

<sup>35</sup> Beløpet inneheld 57 mill uspesifisert frå entreprenørar og 186 mill fullt ut estimert for manglande omsetnings- og inntektstal.



Idretten fekk ein stor del av automatinntektene. Entreprenørar har oppgitt at dei gav 248 millionar kroner til ulike idrettsorganisasjonar. Saman med vårt estimat for fordeling av uspesifiserte inntekter blir beløpet til idretten 388 millionar. Inntekt i 2006 var berekna til 618 millionar.

Humanitære organisasjonar fekk også ein stor del av inntektene, estimert til 359 millionar. Dei to største organisasjonane her er Røde Kors og Redningselskapet. Estimatet for 2006 var 805 millionar.

For helseorganisasjonar har vi estimert ei samla inntekt på 188 millionar kroner. Her inngår m.a. Norges Handikapforbund og Kreftforeningen. Inntekta var i 2006 berekna til 299 millionar.

For organisasjonar innan musikk, kultur og fritid har vi estimert beløpet til 46 millionar. Berekninga for 2006 var 78 millionar.

For gruppa *diverse* som omfattar lag og foreiningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, er estimatet 7 millionar kroner. Her finn vi mellom anna miljøvernorganisasjonar, dyrevern og politiske parti, men også foreiningar som entreprenørar har hatt problem å plassere i dei andre kategoriane. Estimatet her var 24 millionar i 2006.

### Entreprenør og lokalinnehavar

Entreprenørar sin del av automatinntektene var 605 millionar kroner. Dette utgjorde nær 31 % av netto omsetning. Alle kostnader som entreprenør elles måtte ha blir dekt av dette beløpet, mellom anna eventuelle agentavtalar og avvik.

Lokalinnehavarar disponerer lokale der automatane står. Deira inntekt var 389 millionar. Dette utgjør nær 20 % av netto omsetning.

## Automatar

---

### Gjennomsnittleg netto omsetning per automat i 2007

Netto omsetning per automat i gjennomsnitt:	Kroner (avrunda)
Totalt for alle entreprenørar	185 000
Totalt for entreprenørar med eige formål (Røde Kors, Redningsselskapet, NHF og Norges Blindforbund)	140 000
Totalt for private entreprenørar	204 000

Entreprenørar med eige formål har hatt mindre omsetning per automat enn dei private.

Dette er berekna snittomsetning per automat 1. halvår. Utrekninga er gjort på grunnlag av tal for omsetning og kor mange automatar entreprenørane hadde oppstilt 1. januar og siste veka før dei avvikla drifta. Dette tidspunktet var for dei fleste entreprenørane siste veka i juni måned.

### Underhaldningsautomatar

Desse automatane har ikkje pengepremiar, og det er ikkje krav om at delar av inntektene skal gå til lotteriverdige formål. Difor går inntektene uavkorta til entreprenør og lokalinnehavar.

#### Tal på underhaldningsautomatar

Tal frå 36 entreprenørar og andre eigarar av slike automatar utgjør totalt 334 automatar per 31. desember 2007. Rapporteringa er mangelfull, og tal frå 16 automategiearar er estimert på grunnlag av løyve i Lotteriregisteret.

Ikkje alle automatane treng oppstillingsløyve (t.d. biljardbord og dartspel), men av praktiske årsaker inngår dei likevel i entreprenørane sine rekneskap. 87 % av automatane som inngår her har oppstillingsløyve.

#### Omsetning i 2007

Registrert og estimert omsetning er totalt 13 millionar kroner. Tabellen under viser fordeling på aktørar:

Fordeling av omsetning	Mill	Prosent
Til entreprenør (ekskl. mva)	6	44 %
Til lokalinnehavar (ekskl. mva)	5	36 %
Mva	3	20 %
Sum = omsetning	13	100 %

Underhaldningsautomatane er kort presentert her, og i samleoppstilling berre nemnd i fotnote.

## 7. Bingo

Bingo deler vi i to typar:

*Bingo med entreprenør* der entreprenør står for drifta medan lag og foreningar mottok overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreningar sjølve står for bingodrift.

Vi har berre reelle tal frå entreprenørbingo<sup>36</sup>. For bingo utan entreprenør har vi utarbeidd estimat på grunnlag av tal på løyve i Lotteriregisteret og utval rekneskap frå 2007.

### Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i egne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten under er basert på rapportering frå bingoentreprenørane som til saman dreiv 128 bingolokale per 31. desember 2007. Talet lokale i entreprenørbingo har auka med 5 sidan utgangen av 2006 då talet var 123. Talet på entreprenørar er derimot redusert noko. Ved utgangen av 2007 var det 52 entreprenørar mot 57 året før.

#### Bingo med entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2007

Brutto omsetning *	
sidespel er inkludert	2 629 mill kr
Gevinst *	1 774 mill kr
Netto omsetning	856 mill kr
administrativ kostnad	648 mill kr
overskot til formåla	207 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	8 %
Formåla sin del av netto omsetning	24 %
Gevinstprosent	67 %

\*) *Brutto omsetning og gevinst er estimert for delar av omsetninga i elektroniske sidespel (sjå vedlegg).*

Entreprenørbingo omsette for 2,63 milliardar kroner i år 2007. Til lag og organisasjonar vart det overført 207 millionar kroner eller 8 % av brutto omsetning. Gevinstdel er 67 % og formåla sin del av netto omsetning er 24 %.

Samanlikna med 2006 er total omsetning høgare i 2007. Brutto omsetning i 2006 var 1 891 millionar og netto omsetning var 559 mill.

2007 er tredje året der bingoentreprenørane overførte inntekt til formåla etter ny fordelingsnøkkel, og formåla har i 2007 fått 80 millionar meir enn året før. I 2006 utgjorde formåla sin del av netto omsetning 23 %.

### Sidespel

Sidespel er inndelt i elektroniske sidespel og papirsidespel. Med elektroniske sidespel meiner vi bingoautomatar og databingo som er dataspel med felles trekning utanfor hovudspelet. Papirsidespel er til dømes «21» og «Mølle».

Sidespel per 31. desember 2007	Entreprenørar	Prosent
Bingoautomatar	45	87 %
Databingo	44	85 %
Papirsidespel	11	21 %
Ingen sidespel	0	
Tal entreprenørar totalt	52	

<sup>36</sup> For ein mindre entreprenør som ikkje lenger har bingoverksemd er omsetninga for eit halvt år estimert på grunnlag av tidlegare rapporterte opplysningar

## Bingo

Elektroniske sidespel er mest utbreidd. 45 entreprenørar oppgir at dei har bingoautomatar og 44 oppgir at dei har databingo. 11 entreprenørar har papirsidespel. Ein del har fleire typar sidespel.

Det er 3 entreprenørar som ikkje har elektroniske sidespel, men ingen som ikkje har sidespel i det heile.

Ved utgangen av 2007 stod det bingoautomatar i 99 bingoallar. Dette utgjør 77 prosent av hallane.

### Nøkkeltal for hovud- og sidespel 2007

Tal i millionar kroner	Brutto oms.	Gevinst	Gevinst prosent	Netto oms.	Til formål	Pst. til formål av netto oms.
Hovudspel	975	639	65 %	337	52	15 %
Sidespel:						
- bingoautomatar	1 160*	773*	67 %	387	116	30 %
- databingo	491*	360*	73 %	130	39	30 %
- papirsidespel	3	2	57 %	1	0,4	30 %
Sidespel totalt	1 654	1 135	69 %	519	156	30 %
Totalt	2 629	1 774	67 %	856	207	24 %

\*) *Delvis estimat*

Når omsetninga har auka samanlikna med 2006 skuldast dette sterk auke i omsetninga på elektroniske sidespel. Hovudspel har hatt ein mindre auke og papirsidespel utgjør etter kvart ein svært liten del av omsetninga.

Databingo har auka i brutto omsetning med 171 millionar frå 2006 til 2007. Dette er ein auke på 53 %. Omsetninga på bingoautomatar har hatt større auke. Auken for brutto omsetning er 519 millionar frå 2006 til 2007. Dette utgjør 81 %.

77 % av bingoallarane hadde bingoautomatar ved utgangen av 2007, og talet utplasserte automatar var då 1 501. Dette er ein auke frå 2006 då tilsvarende tal var 1 062.


To tredelar av omsetninga går tilbake til spelar som gevinst. Høgast gevinstprosent har databingo med 73 prosent. Både hovudspel og bingoautomatar har ein reduksjon i gevinstprosent samanlikna med 2006, og i 2007 utgjør gevinstprosentane høvesvis 65 % og 67 %. Dermed har desse spela ein forholdsvis større auke i netto omsetning samanlikna med brutto.

Lag og foreiningar fekk totalt 207 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo. Tre fjerdedelar av inntektene kom frå sidespela, og mest frå bingoautomatar.

Bingoentreprenørane rapporterer at dei samla har spelt for 2 089 lag og foreiningar i år 2007. Dette om lag det same som i 2006 då talet var 2 087 lag.

### Fordeling av bingoinntekter

Formål	Mill kr	Prosent
Idrett	100	48 %
Helse	27	13 %
Musikk/kultur/fritid	41	20 %
Humanitær	23	11 %
Diverse	16	8 %
Totalt	207	100 %



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 100 mill. Blant andre kategoriar er det foreningar innan musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med 41 millionar.

### **Gevinstautomatar i bingolokale**

I tillegg til bingoautomatane (elektroniske sidespel) var det 1. halvår i 2007 også utplassert ein del ordinære gevinstautomatar. I alt 36 av 52 bingoentreprenørar hadde slike automatlar i sine lokalar første halvår 2007.

20 automatentreprenørar har rapportert at dei i 2007 hadde gevinstautomatar i bingolokale.

Desse 20 rapporterar samla at i overkant av 200 automatlar hadde ei netto omsetning på 40 millionar kroner. Legg vi til grunn at formåla i 2007 fekk 50 prosent av netto omsetning til gevinstautomatane vil formåla frå desse ha motteke om lag 20 millionar frå gevinstautomatar.

For 2006 hadde vi data frå 27 automatentreprenørar med om lag 400 gevinstautomatar og ei berekna netto omsetning på 108 millionar.

Sidan vi for 2007 har færre svar frå automatentreprenørane er det grunn til å rekne med at både automattal og omsetninga til gevinstautomatar i bingolokale reelt sett var noko høgare i 2007 enn det som kjem fram her.

Inntektene frå gevinstautomatar kom i tillegg til inntekt frå hovud- og sidespel i bingoen.



## Bingo

---

### Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *foreinings- eller bygdebingoar*. I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er estimert på grunnlag av data i Lotteriregisteret og eit utval rekneskap frå 2007 (sjå vedlegg for berekningsmåte).

Om lag 700 lag og foreiningar inngår i oppstillinga under. 86 av desse er radiobingo og 2 er TV-bingo.

#### **Bingo utan entreprenør - estimerte nøkkeltal år 2007**

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	240 mill kr
Gevinst	150 mill kr
Netto omsetning	90 mill kr
administrativ kostnad	30 mill kr
overskot til formåla	60 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	25 %
Formåla sin del av netto omsetning	67 %
Gevinstprosent	63 %

Vårt estimat for bingo utan entreprenør utgjer 240 mill i brutto omsetning, med eit overskot på 60 millionar kroner.

Samla bingoomsetning for lokalradio og lokalfjernsyn estimerer vi til i overkant av 80 mill. Det aller meste av dette er radiobingo. Etter vårt estimat vil deira del av brutto omsetning utgjere om lag ein tredjedel.

Vi har ikkje anslag for korleis overskotet av bingoen fordeler seg på ulike kategoriar av formål, men for radio- og TV-bingo reknar vi med eit samla overskot på i overkant av 30 millionar kroner.

## 8. Andre lotteri

I tillegg til automatspel og bingo har vi for 2007 registrert omlag 2 200 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetninga. Denne delen omfattar for det meste landslotteria, men vi har og gjort eit estimat for dei lokale eller regionale lotteria.

### Landslotteri

Landslotteri blir selde i fire eller fleire politidistrikt. Dei fleste er landsdekkjande, men ein del har også meir avgrensa omfang. For 2007 har vi fått innrapportert 52 lotteri. Dette er same talet som i 2006.

#### Landslotteri - nøkkeltal år 2007

Loddsal	415 mill kr
Eventuell anna inntekt <sup>37</sup>	7 mill kr
Samla inntekt	422 mill kr
<u>Gevinstkostnad</u>	<u>77 mill kr</u>
Netto omsetning	345 mill kr
administrative kostnader	252 mill kr
overskot til formåla	92 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	22 %
Formåla sin del av netto omsetning	27 %
<u>Gevinstkostnad av brutto omsetning</u>	<u>18 %</u>

Landslotteria omsette for 415 millionar kroner. I tillegg kom andre inntekter med nær 7 millionar. Samla inntekter kom difor opp i 422 millionar.

Samla gevinstkostnad i 2007 var 77 millionar. Dette er lotteria sine kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar fråtrekte. Administrative kostnader utgjorde 252 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 92 millionar. Dette utgjorde 22 % av brutto – og 27 % av netto omsetning.

Loddsalet er ganske nært på same nivå som i 2006. Då utgjorde loddsalet 418 millionar og med andre inntekter kom dei totale inntektene opp i 424 millionar. I 2006 vart overskotet til organisasjonane 95 millionar kroner.

<sup>37</sup> Andre inntekter ein kan ha med lotteri, mellom anna netto finansinntekter, inntektsføring av gebyr, sal av gevinstar og gåver.

## Andre lotteri

Av landslotterier var 50 førehandstrekte/skrapelodd, medan 2 var etterhandstrekte. Målt i brutto omsetning utgjorde etterhandstrekte lotteri 1 million kroner, eller om lag ein kvart prosent.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM), medlemsal og gjennom kommisjonærnett (t.d. kioskar). Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

I tillegg til desse lotterier kan ein også kjøpe Norsk Tipping sine skrapelodd (Flax) frå NT's kommisjonærar. Flax si omsetning inngår i presentasjonen av Norsk Tipping, men blir også her omtalt avslutningsvis.

### Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori <sup>38</sup>	Brutto oms. (mill)	Overskot (mill)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	49,9	26,6	12 %	29 %	53 %
Helse	233,3	39,7	55 %	43 %	17 %
Musikk, kultur og fritid	7,4	6,1	2 %	7 %	82 %
Humanitær	74,9	8,0	18 %	9 %	11 %
Diverse	56,1	11,8	13 %	13 %	21 %
Totalt	421,6	92,2	100 %	100 %	22 %

Helseorganisasjonar har som tidlegare år størst omsetning, og i 2007 55 % av heile marknaden. Dei hadde noko mindre del av samla overskot (43 %). Prosentvis del til formål av brutto omsetning er samla sett lågast for kategoriane humanitær (11 %), helse (17 %) og *diverse* (21 %).

For kvart lodd som vart selt var det organisasjonane innan Idrett samt Musikk, kultur og fritid som fekk mest i overskot (53 % og 82 %).

### Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill)	Adm.kostn. (mill)	Overskot (mill)	Adm.kostn. av netto omsetning	Overskot av netto oms.
Idrett	45,3	18,7	26,6	41 %	59 %
Helse	185,7	146,1	39,7	79 %	21 %
Musikk, kultur og fritid	6,7	0,6	6,1	9 %	91 %
Humanitær	58,1	50,1	8,0	86 %	14 %
Diverse	48,8	37,0	11,8	76 %	24 %
Totalt	344,6	252,4	92,2	73 %	27 %

Administrative kostnader utgjorde 252 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotterier, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal, kommisjonærar etc.

For einskilde lotteri kan også provisjon til lokale lag av organisasjonen inngå i kostnadene utan at dette kjem fram som overskot til formåla. I 3 rekneskap har vi sett slike kostnadspostar som totalt utgjorde 10,9 millionar kroner.

Einskilde typar organisasjonar har prosentvis mindre del kostnad av netto omsetning. Dette heng saman med korleis lodd vert selde. Både innan idrett og andre fritidsaktivitetar skjer loddosal ved at medlemmer sjølv sel lodd. Prosentvis er overskotet størst her.

<sup>38</sup> Liste over organisasjonane i vedlegg.

## Andre lotteri


### Førehandstrekte landslotteri og Norsk Tipping sine Flaxlodd

Dei fleste landslotteri er skrapelodd og landsdekkjande. Det er difor naturleg å sjå desse saman med Flaxloddet til Norsk Tipping.

50 førehandstrekte landslotteri omsette totalt for 414<sup>39</sup> millionar kroner. I tillegg omsette Norsk Tipping sitt Flaxlodd for 867 millionar.

Organisasjonar med loddsal over 20 millionar kroner:

• De 10 Humanitære (Yezz!) <sup>40</sup>	72 mill kr
• Landsforeningen for hjerte- og lungesyke / Landsforeningen for hjerte- og lungesyke ungdom	47 mill kr
• Landsforeningen Mot Stoffmisbruk	28 mill kr
• Norges Håndballforbund	27 mill kr
• Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet	25 mill kr
• Redningsselskapet	23 mill kr
• Nasjonalforeningen for folkehelsen	20 mill kr



I 2007 utgjorde denne delen av lotterimarknaden 1 281 millionar kroner. Dette utgjør ein auke med 104 millionar frå 2006 då omsetninga var 1 177 millionar. Det er Norsk Tipping sitt Flaxlodd som står for denne auken.

Samanlikna med 2006 har Flax litt høgare marknadsdel i 2007. 65 % i 2006 og 68 % i 2007.

10 H sitt lotteri (Yezz!) inngår i kategoriane for helseorganisasjonar og humanitære organisasjonar. 10 H sin marknadsdel er 6 % i 2007.

<sup>39</sup> Eksklusiv 7 mill i andre inntekter enn sjølve loddsalet.

<sup>40</sup> Totalt for 9 speleomgonger med Yezz!

## Andre lotteri

---

### Lokale/regionale lotteri

Til saman kom det i Lotteriregisteret om lag 2 150 lokale og regionale lotteri i år 2007.

Om lag 2 050 er såkalla meldingslotteri og i tillegg har i overkant av 100 lotteri fått løyve<sup>41</sup>.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat.

### Berekning for lokale/regionale lotteri

#### Lokale/regionale lotteri - estimerte nøkkeltal år 2007

Estimert brutto omsetning (runda til næraste 10 mill)	90 mill kr
Gevinstkostnad	20 mill kr
Netto omsetning	70 mill kr
administrativ kostnad	5 mill kr
overskot til formåla	65 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	72 %
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	93 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	22 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gåver.

Overskotet frå lotteriar har vi ikkje fordelt på kategoriar av formål, men alle typar lag og foreiningar sel slike lotteri.

---

<sup>41</sup> Arrangør av lotteri med omsetning under 150 000 per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Lotteri med omsetning 150 000 eller meir treng løyve frå Lotteritilsynet.

## 9. English summary

In 2007, the turnover in the Norwegian gaming and lottery market amounted to NOK 27.4 billion. Of this gross turnover, players collected NOK 18.1 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 9.3 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.


The turnover is reduced from 38.2 billion in 2006. The main cause for the reduction in turnover was the implementation of a ban on gaming machines that came into effect on the 1. July 2007.

### Key figures on the gaming market in Norway

Year 2007	Million			
	NOK	EUR <sup>42</sup>		
Gross turnover (total wagered) <sup>43</sup>	27,372	3,415		
Prizes	18,095	2,258		
Net turnover (expenditure/loss)	9,277	1,157		
Year 2007	Amount wagered		Expenditure	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per capita <sup>44</sup>	5,813	725	1,970	246
Per capita, 15 years and older	7,198	898	2,440	304
Per household <sup>45</sup>	12,788	1,595	4,334	541
Percentage of disposable income <sup>46</sup>	2.98%		1.01%	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 5,813 in 2007.

After deduction of prizes, each citizen spent NOK 1,970. This amounts to 1.01 % of the disposable income per household.



<sup>42</sup> Average rate of exchange 2007 as determined by Norges Bank: 8,0153.

<sup>43</sup> For gaming machines, turnover comprises amounts wagered, i.e. amounts re-invested before the prizes are paid out of the machines are not included.

<sup>44</sup> Average population as determined by Statistics Norway.

<sup>45</sup> The average number of persons per household is 2.2. (Figures from Statistics Norway - Statistical year book)


<sup>46</sup> Statistical year book "Households. Income, expenses and saving" (SSB): Disposable income NOK 918 891 million.

## English summary

Norwegians spent the largest amount on gaming machines, i.e. approximately 10.4 billion NOK.<sup>47 48</sup> In addition, 9.5 billion NOK was spent on games provided by Norsk Tipping, and nearly 0.9 billion on Extra, a lottery also operated by Norsk Tipping. Norwegians spent close to 3.2 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Bingo and lotteries, in addition to gaming machines, make up the private sector of the market. Bingo had a turnover of nearly 2.9 billion NOK, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at 2.6 billion. Also included here are side games (electronic<sup>49</sup> and paper). Non-entrepreneur bingo is estimated at approximately 0.24 billion NOK.

Among the lotteries, the nationals have the highest turnover at 0.4 billion<sup>50</sup>. For the other lotteries we stipulate a turnover of NOK 90 million.



<sup>47</sup> Amount excluding re-investments, i.e. the value of prizes spent on further games rather than being cashed.

<sup>48</sup> In addition, a turnover of 13 mill. from entertainment machines.

<sup>49</sup> Bingo machines and online bingo.

<sup>50</sup> The turnover of 422 mill. includes NOK 7 mill. in revenues other than sales of lottery tickets.

## 10. Vedlegg

### Om datainnsamlinga

Datamaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal innhenta frå operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal frå Norsk Tipping og Extra er hovudsakleg innhenta frå Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kyrkje- og kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Extra er oppgitt av stiftelsen Helse- og Rehabilitering.

Bingoentreprenørar har fått tilsendt spørjeskjema som dei har fylt ut og returnert til Lotteritilsynet.

Automatentreprenørane fekk tilsendt spørjeskjema i fjor og svarte om 2007-omsetninga straks etter at automatmarknaden var avvikla. For dei som ikkje svarte har vi gjort estimat på grunnlag av tilgjengelege data.

Vi har talmateriale frå alle bingoentreprenørar, men delar av talmaterialet for ein mindre entreprenørar er estimert frå tidlegare rapporterte opplysningar.

For landslotteri byggjer datamaterialet på rekneskap frå organisasjonane sjølve.

For mindre/regionale lotteri og for bingo utan entreprenør er omsetningstala vi presenterer utelukkande estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er eit utval rekneskapsopplysningar for 2007. I tillegg er tidlegare års statistikk nytta som støtte til estimat.

Nedanfor viser vi nærare korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

### **Gevinstautomatar**

#### Berekning av omsetning

rapportert netto omsetning i flg. teljeverk	1 589 mill
+ estimat der teljeverkdata manglar (rapportert fysisk opptalt + tillegg for avvik (1,126 %))	22 mill
+ estimat for 1 820 automatar (snittal) x 204 000	371 mill
= estimert netto omsetning i flg. telleverk	1 982 mill
+ utbetalt gevinst (81,02 % av brutto omsetning <sup>51</sup> )	8 458 mill
= estimert brutto omsetning	10 440 mill

#### Berekning av omsetning per automat (netto omsetning)

Samla netto omsetning i ulike grupper delt på gjennomsnittstal på utplasserte automatar ((1. januar + tidspunkt for avvikling av automatdrift)/2).

#### Fordeling av inntekt til formål på kategoriar

Utgangspunktet er kjend prosentvis fordeling i datamaterialet etter «korrigering» for det dei større entreprenørane med eige formål har fordelt til eigen organisasjon.

Denne prosentvise fordelinga er så lagt til grunn for beløp som entreprenørar ikkje har spesifisert og for estimert inntekt frå manglande automatar.

#### Automattal

For entreprenørar der vi ikkje kjende automattalet ved starten på året og ved avvikling har vi tatt utgangspunkt i rapporterte tal for 31. desember 2006 og tal på løyver i Lotteriregisteret. Talet er så justert ned mot avviklinga med tilsvarende prosent som entreprenørane som har rapportert automattal ved start og slutt i 2007.

For seks av entreprenørane fann vi nøkkeltal i Regnskapsregisteret, mellom anna omsetning. Desse hadde om lag 900 automatar utplassert. Dermed er estimert omsetning gjort for om lag 2050 automatar utplassert ved starten på året, eller i berekna gjennomsnitt 1 820 automatar for perioden ut juni 2007.

<sup>51</sup> Reell total prosent for entreprenørar som har oppgitt tal frå telleverk (kroner inn og kroner ut).



### **Feilmarginar**

#### Prosent utbetalt gevinst (81,02 %)

For 7,4 mrd. eller 71 % av omsetninga har vi rapporterte tal for brutto omsetning. Estimater er gjort for det resterande på grunnlag av oppgitt netto omsetning. Gevinstprosent redusert med 2 % gir 288 mill mindre brutto omsetning og gevinstutbetaling. Auka med 2 % gir 356 mill større brutto omsetning og gevinstutbetaling. Endring i gevinstprosent endrar ikkje netto omsetning og formåla sin del.

#### Avvik (1,25 %)

For dei som ikkje har rapportert teljeverksomsetning vil ei endring på 0,5 % i avvik endre netto omsetning med om lag om lag hundre tusen kroner.

### **Kategorisering av formål**

Entreprenørar er bedt om å fordele inntekt til formåla på fem kategoriar. Ordlyd frå rettleiinga til spørjeskjemaet er vist her.

#### **Idrett/sport**

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

#### **Helse**

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

#### **Musikk / kultur / fritidsorganisasjonar**

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger- og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m.

#### **Humanitær verksemd**

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

#### **Diverse organisasjonar**

«Særorganisasjonar» eller interessesamanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn som ikkje let seg klassifisere.

### **Underhaldningsautomatar**

Gjennom Lotteriregisteret har vi kjennskap til 16 eigarar med i alt 118 automatar som ikkje har svart på spørjeskjema. For desse har vi estimert ei omsetning på grunnlag av snittomsetning for dei andre automatane. For mva. og beløp til lokalinnhavar har vi lagt til grunn samla prosentvis del i rapporterte tal.

## Vedlegg

---

### **Bereking for bingo med entreprenør**

Bingoautomatar: 7 entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst. Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 38: 67 %.

Databingo: 1 entreprenørar har ikkje oppgitt brutto omsetning og gevinst: Estimat er gjort ved samla gevinstprosent for dei andre 43: 73 %.

### **Bereking for bingo utan entreprenør**

På grunnlag av tal i Lotteriregisteret og rekneskapsrapportar for 2007 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Radio/TV	Andre lag og foreningar		
Brutto omsetning i snitt	946 000 <sup>52</sup>	252 000 <sup>53</sup>		
Samla gevinstprosent <sup>54</sup>	50 %	70 %		
Overskot av brutto omsetning <sup>55</sup>	40 %	20 %		
Tal løyve i Lotteriregisteret	88	623		
			<b>Totalt</b>	<b>Avrunda</b>
Estimert brutto omsetning	83 mill	157 mill	240 mill	240 mill
Estimert gevinst	42 mill	110 mill	152 mill	150 mill
Estimert netto omsetning	42 mill	47 mill	89 mill	90 mill
Estimert overskot til formåla	33 mill	31 mill	65 mill	60 mill
Estimert brutto omsetning år 2007*	240 mill			
- Gevinst*	150 mill			
= Netto omsetning	90 mill			
Administrativ kostnad	30 mill			
Overskot*	60 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	25 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	67 %			
Gevinstkostnad av brutto omsetning	63 %			

\*) runda til næraste 10 mill

---

<sup>52</sup> Snittbereking for 66 rekneskap (2007) kr 946 306,-

<sup>53</sup> Snittbereking for 107 rekneskap (2007) kr 252 335,-

<sup>54</sup> og <sup>55</sup> Avrunda gevinstprosent og prosent til formål, basert på 2006 tal og 2007-rekneskap der dette er rapportert

### Landslotteri 2007 – organisasjonene i dei ulike kategoriene

<b>Idrett</b>	Norges Badmintonforbund Norges Fotballforbund Norges Fotballforbund Norges Håndballforbund Norges Skiforbund Stjernen Hockey Fredrikstad
<b>Helse</b>	Foreningen for hjertesyke barn Foreningen for Muskelsyke Hørselshemmedes Landsforbund Landsforeningen for hjerte og lungesyke og / Landsforeningen for hjerte og lungesyke ungdom Landsforeningen for Kvinner med Bekkenløsningsplager Landsforeningen for Nyrepasienter og Transplanterte Landsforeningen for trafikkskadde Landsforeningen Mot Stoffmisbruk Landsforeningen uventet barnedød Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norges Blindeforbund Norges Diabetesforbund Norsk Cøliakiforening Norsk Psoriasisforbund Norsk Revmatikerforbund Norsk Thyreoideaforbund Norske Kvinners Sanitetsforening Organisasjonen Voksne for Barn Ryggforeningen i Norge Stiftelsen Sofienlund 5 av 8 organisasjonar i 10H - 6 til 9 speleomgonger <sup>56</sup>
<b>Musikk, kultur og fritid</b>	Norges Musikkorps Forbund Norske 4H
<b>Humanitær</b>	Adopsjonsforum Flyktningshjelpen Norsk Folkehjelp Redningsselskapet UNICEF Norge (TV-aksjonen) 3 av 8 organisasjonar i 10H - 9 speleomgonger <sup>57</sup>
<b>Diverse</b>	Det Norske Arbeiderparti Elevringen bibelskolen Bildøy Bergen Framtiden i våre hender IOGT i Norge Kristelig Folkeparti Motorførernes Avholdsforbund Norea Mediemisjon Noregs Mållag Sjømannskirken / Norsk kirke i utlandet

---

<sup>56</sup> Kreftforeningen, Landsforeningen for hjerte- og lungesyke (var med frå fjerde speleomgong), Nasjonalforeningen for folkehelsen, Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund.

<sup>57</sup> Flyktningshjelpen, Norges Røde Kors og Norsk Folkehjelp.

## Vedlegg

---

### Bereking for lokale/regionale lotteri

På grunnlag av berekingar gjort frå opplysningar i Lotteriregisteret og rapporteringar for 2007 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldings- lotteri	Lotteri med løyve		
Brutto omsetning i snitt	27 000 <sup>58</sup>	283 000 <sup>59</sup>		
Samla gevinstprosent (kostnad)	10 % <sup>60</sup>	35 %		
Overskot av brutto omsetning	83 %	56 %		
Tal meldingar/ løyve rapportert	2 046	105		
			<b>Totalt</b>	<b>Avrunda</b>
Estimert brutto omsetning	55 mill	30 mill	85 mill	90 mill
Estimert gevinst	6 mill	10 mill	16 mill	20 mill
Estimert netto omsetning	50 mill	19 mill	69 mill	70 mill
Estimert overskot til formåla	46 mill	17 mill	63 mill	65 mill
Estimert brutto omsetning år 2007*	90 mill			
- Gevinst*	20 mill			
= Netto omsetning	70 mill			
Administrativ kostnad	5 mill			
Overskot**	65 mill			
Formåla sin del av brutto omsetning	72 %			
Formåla sin del av netto omsetning (brutto omsetning – gevinst)	93 %			
Gevinstkostnad av brutto omsetning	22 %			

\*) runda til næraste 10 mill

\*\*\*) runda til næraste 5 mill

---

<sup>58</sup> Gjennomsnittleg omsetning i 1 009 rekneskap registrert i Lotteriregisteret for 2007 (kr 26 965).

<sup>59</sup> Snittbereking av 26 rekneskap for 2007 (kr 282 628).

<sup>60</sup> Gevinstkostnad er ikkje registrert i Lotteriregisteret for 2007, brukar same prosent som i 2006 (10 %).









Lotteri- og stiftelsestilsynet

Postboks 800 • 6805 Førde  
Tlf. 57 82 80 00